




Stord vatn og avlaup KF



SANITÆRREGLEMENT FOR STORD KOMMUNE

Sanitærreglementet skal sikra ansvarstilhøvet mellom den einskilde abonnent og kommunen i samband med vass- og avløpsanlegg. Reglementet skal vera med å sikra at alt leidningsnett som vert koplta til kommunalt vass- og avløpsnett held ein høg kvalitet og til ei kvar tid oppfyller den funksjonen det var tiltenkt. Sanitærreglementet vert forvalta av Stord vatn og avlaup KF.

Føreord


Sanitærreglementet er utarbeida for å ivareta det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent i samband med tilknytning til kommunalt vatn- og avløpsanlegg og for påfølgjande drift og vedlikehald. Dette gjeld også for ansvarlege føretak som utfører oppdrag på privat leidningsnett på vegne av abonnent/tiltakshavar.

Reglementet skal sikre at sanitæranlegg blir utført og drifta på ein forsvarleg måte med omsyn til ansvar, funksjonstryggleik, anleggs- og utstyrs kvalitet.

Sanitærreglementet er vedteke av Stord kommunestyret den 29.09.2005.

Sanitærreglementet er oppdatert og godkjent av styre for Stord vatn og avlaup KF den 31.01.2012.

Revisjon	Revisjon vedteken av	Revisjonsdato
A	Styre for Stord vatn og avlaup KF	31.01.2012



Innhold:

1. Generelt	4
Førmål.....	4
Heimel.....	4
2. Verkeområde.....	4
Plikt til å overhalde reglementet.....	4
Handheving.....	5
Brot på føresegnene	5
Endringar, utfyllende vedtak	5
3. Tilknytning til kommunalt leidningsnett	5
Definisjonar	5
Krav til kompetanse	6
Søknadsplikt for sanitæranlegg etter plan- og bygningsloven.....	6
Søknad/Melding om sanitærabonnement.....	6
Utføring av sanitæranlegg.....	7
Fysisk tilkopling til kommunalt nett	8
Sluttdokumentasjon for utført sanitæranlegg.....	8
Tinglyste fråsegn.....	8
Inspeksjon av sanitæranlegg	8
Materiale og utstyr for sanitæranlegg	8
Prøving.....	8
4. Vedtak for tilknytning og bruk av kommunen sine vass- og avlaupsleidningar	9
Generelt	9
Forbruk av vatn	9
Sikring av vassforsyning mot forureining	9
Vasstrykk.....	9
Vassmålar	10
Kontroll av vasskvalitet og forbruk.....	10
Avløpsvatnet sin kvalitet når det vert sleppt på kommunal leidning	10
Utskiljar og reinseanlegg.....	11
Sikring mot inntrenging m.m.	12
Utbetring av feil og manglar	12
Private leidningsanlegg i kommunal veg	12
Tilknytning ved omlegging av kommunal leidning	12
Fjerning av tilknytning	13
Stenging av kommunal eller privat leidning	13
Ansvarstilhøve	13

1. Generelt

Føremål

Føremålet med dette reglementet er å ivareta kommunen, samfunnet og den enkelte sine interesser ved å stilla slike krav til prosjektering, utføring, drift og vedlikehald av sanitæranlegg at den sikrar ein teknisk, funksjons- og driftsmessig forsvarlig utføring innanfor ei rimeleg økonomisk ramme.

Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, utgitt av Kommunenes Sentralforbund (KS), både Tekniske bestemmelser og Administrative bestemmelser, fastset krav til sanitæranlegg (også i Stord kommune). Krava i Standard abonnementsvilkår for vann og avløp ivaretek krava i Plan- og bygningslova § 29-6 og § 29-7 når det gjeld bygningstekniske installasjonar samt funksjonskrav og anna som går fram av § 15 "Installasjoner og anlegg" i forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift).

KS sine Administrative bestemmelser og dei Tekniske bestemmelsane gjeld dersom ikkje anna er nemnd.

Til dette høyrer:

- Ei rettmessig god og optimal forvaltning av private sanitæranlegg
- Etablering av kvalitetsmessig gode, driftssikre og økonomiske sanitæranlegg
- Tilkomst og tilgjenge for inspeksjon, reoperasjon og framtidig utskifting

Heimel

Vedtaka i sanitærreglementet er gitt i eigenskap av kommunen sin eigarrådvelde over hovudleidningsanlegg for vassforsyning og avløpshandtering.

2. Verkeområde

Dette reglementet gjelder sanitæranlegg som knytast til kommunalt vass- og avløpsnett, direkte eller via private felles leidningar. Reglementet er også å sjå som rettleiar for private anlegg som seinare vil kunne knytte seg til kommunal leidning.

Eigarar av sanitæranlegg må, for å oppnå eller oppretthalde slik tilknytning, akseptera dei til ein kvar tid gjeldande fastsette føresetnadar for tilknytning til kommunen sine vass- og avlaupsleidningar.

Desse føresetnadane er utan atterhald å sjå som akseptert av vedkommande eigar når tilknytning har funnet stad.

Vedtaka i reglementet er bindande for godkjente føretak som prosjekterer eller utfører arbeid på sanitæranlegg som er, eller som vidarefører tilknytning til kommunen sitt vass- og/eller avløpsanlegg.

Spesielle anlegg som prosessanlegg, sprinklaranlegg, varmeanlegg og liknande blir vurdert enkeltvis av

Stord vatn og avlaup KF.

Plikt til å overhalde reglementet

Eigarar av sanitæranlegg tilknytte kommunalt leidningsnett (heretter kalla abonnent) er ansvarlig for drift og vedlikehald slik at anlegget til ei kvar tid er i samsvar med reglement, og at dei til ei kvar tid gjeldande vedtak for drift og vedlikehald av anlegg blir etterlevd.

Abonnent er også ansvarlig for at hans husstand, leigebuarar og andre som nyttar hans anlegg overhelde vedtaka.

Huseigar/tiltakshavar og/eller aktuelle godkjente føretak er ansvarlig for at de respektive private anlegg/installasjonar blir prosjektert og utført i samsvar med gjeldande lov- og regelverk.

Handheving

Sanitærreglementet vert handheva av Stord vatn og avlaup KF.

Brot på føresegnene

Brot på vedtaka i sanitærreglementet med tilhørende regelverk, eller vedtak gitt i medhald av regelverket, kan medføre at Stord vatn og avlaup KF set i verk sanksjoner overfor den som er ansvarlig.

Brot frå abonnenten si side kan føre til avstenging av vassforsyning inntil tilhøva er retta og/eller at Stord vatn og avlaup KF kan la arbeidet bli utført for eigar si rekning.

Ved brot på føresegnene frå ansvarleg føretak si side kan Stord vatn og avlaup KF unnlata å behandle søknader/meldingar frå føretaket.

Ved brot på føresegnene vil Stord vatn og avlaup KF rapportera brota til det godkjenningsmynde som har tildelt føretak ansvarsrett.

Vedtak om sanksjon skal varslast på førehand med oppgitt frist for retting.

Endringar, utfyllande vedtak

Godkjenning av reglementet vert gjort av kommunestyret. Endringar vert vedteke av styret for Stord vatn og avlaup KF.

3. Tilknytning til kommunalt leidningsnett

Definisjonar

Anboringsklammer	Tilknytningsklave på hovudleidning for vatn
Ansvarleg søkar	Den profesjonelle som hjelper tiltakshavar i å formulere den korrekte søknaden
Avløpsvatn	Spillvatn og overvatn
Bruksløyve	Bygningen eller del av denne må ikkje tas i bruk før bygningsmynde har gitt bruksløyve. Eit mellombels løyve kan gis dersom det er mindre vesentlege manglar.
Drensvatn	Er vatn som infiltrerast og ledast bort frå grunnen
Innsleppsløyve	Avtale om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg for mottak av prosessvatn/avløp frå bedrifter
Hovudleidningsnett	Det offentlege leidningsnettet for vatn- og avløpstransport
Overvatn (regnvatn)	Vatn som vert leia bort frå terrengoverflata eller frå bygget si ytre flate
Sanitæranlegg	Omfattar eigedomens private utvendige og innvendige vatn- og avløpsleidningar (stikkleidningar), samt sanitærinstallasjonar. Utvendig vatn- og avløpsleidningar omfattar tilknytningspunktet på kommunal leidning, og leidningsanlegg med tilhørende installasjonar fram til og gjennom grunnmur. Innvendig sanitæranlegg omfattar alle sanitærinstallasjonar i bygningen.
Spillvatn	Er forureina avløpsvatn som leiest vekk frå sanitærinnetning og utstyr i bygningen

Stikkledning	Leidning mellom ein bygning og den offentlege eller private hovudleidningen i området. Ein stikkledning kan betena ein eller fleire eigedomar (abonnentar). Stikkledning som betener fleire eigedomar kallast som regel felles stikkledning.
Tilbakeslagsventil	Ventil som i prinsippet berre tillèt gjennomstrøyming i ein retning og som arbeider automatisk under påverknad av trykk/strøm
Tiltak	Alt som vert sett i verk av plan- og byggearbeid
Tiltakshavar (byggherre)	Den som bestiller og betaler tiltaket
Utsleppsløyve	Løyve til å sleppa reinsa avløpsvatn ut i grunnen eller førekomst av vatn i område utan offentleg avløpsledning
Vilkår	Avgrønsingar og pålegg, krav for tiltak i byggeprosessen

Krav til kompetanse

Plan og bygningsloven stiller kompetansekrav til aktørar som tek på seg ansvar som ansvarlig søkjar, prosjekterande, kontrollerande eller utførande av sanitæranlegg.

All prosjektering, utføring og reparasjonar av sanitæranlegg skal utføres av føretak godkjent etter plan- og bygningslova.

Operatørpersonell som skal utføra det fysiske arbeidet skal ha ADK- kompetanse for alle klassar innan Utførande.

Det skal minimum vera 1 person med ADK-bevis på kvar stad der dei faktiske arbeidsoppgåvene vert utført.

Søknadsplikt for sanitæranlegg etter plan- og bygningsloven

Søknad skal vera godkjent før tiltaket vert sett i verk

- **Krav til kva tiltak som er søknadspliktig etter Plan og bygningsloven er å finna i Plan og bygningsloven, kapittel 20.**
- **Stord kommune krev at alle sanitærabonnement skal meldast, uavhengig av om det er søknadspliktig eller ikkje.**

Unntaket frå søknadsplikta etter kapittel 20 i Plan og bygningsloven gjeld både vøling av lekkasje på offentleg hovudleidning og private stikkleidningar. Utbetring som fører med seg omlegging er søknadspliktig.

Etablering av anlegg skal meldast på fastsett skjema (Skjema for gravemelding, sjå Reglar for graving i offentleg vei og gategrunn).

Søknad/Melding om sanitærabonnement

Planane/ sanitærabonnementskjema skal vera godkjent av Stord vatn og avlaup KF før tiltaket startar opp.

Alle sanitærabonnement skal meldast, uavhengig om det er søknadspliktig eller ikkje.

Tiltak som skal knytast til offentleg leidningsnett må ha løyve frå Stord vatn og avlaup KF som leidningseigar.

Søknad om sanitærabonnement skal signerast av tiltakshavar/grunneigar eller den tiltakshavar/grunneigar har sett til å administrera søknaden, og sendast inn saman med naudsynt dokumentasjon, av ansvarleg føretak. Søknad om Sanitærabonnement skal søkjast via skjema/link på Stord kommune si heimeside eller etter den til ei kvar tid gjeldande søknadsmåten som er vedteken av Stord vatn og avlaup KF.

Alle gravearbeid skal varslast til Stord vatn og avlaup KF. På heimesida er det skjema/link som skal nyttast til gravemelding for arbeid nær, ved eller over vass- og avløpsanlegg. Det er det utførande føretak som er ansvarleg for å melda gravearbeid til Stord vatn og avlaup KF og at løyve/fråsegn derifrå alltid er tilgjengeleg på anleggsstaden.

Utføring av sanitæranlegg

Alt arbeid på sanitæranlegg skal utførast i samsvar med plan- og bygningslova, teknisk forskrift og vedtaka gitt i Stord kommune sitt Sanitærreglement, såfram det ikkje er gjeve dispensasjon.

Ved tiltak som ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, er kompetansekrav til de utførande føretak dei same som om tiltaket var søknadspliktig.

Overdreg ein eit røyrleggjararbeid under utføring til eit anna røyrleggjarføretak skal det nye føretaket omgåande sende melding om at arbeidet er overført.

Plan- og bygningslova sine krav til aktørar som skal søkja, prosjektera og utføra sanitæranlegg samt til å kontrollera prosjekteringa og utføringa av dette skal oppfyllest.

Alt arbeid med sanitæranlegg skal utførast i samsvar med krava i teknisk forskrift til Plan- og bygningslova og dei underliggende teknisk rettleiarane som denne viser til.

Som leidningseigar ha kommunen fylgjande retningsliner utover normalreglementet sine krav for å sikra kommunen sine leidningar:

1. Ved brot på- eller utskifting av stikkleidning for vass- og avløpsleidning nærmare enn 2 meter til tilkopling til kommunalt nett, skal tilkoplingspunktet skiftast etter nærmare avtale med kommunen.
2. Ved innføring av nytt rør inn i eksisterande rør skal begge endepunkta gravast opp og tettast.
3. Drensvatn skal så langt det let seg gjera drenerast på eigen grunn. Der dette ikkje er råd skal drensvatnet først i eigen leidning fram til overvassleidning
4. Overvatnet skal så langt det let seg gjera drenerast på eigen grunn.
5. Kommunen kan krevja at tak og overflatevatn skal infiltrerast i grunnen eller fordryast etter nærmare reglar.
6. Kjellargolv og/eller vasstand i lågast montert vasslås må ligga minst 0,9 m høgare enn innvendig topp hovudleidning målt i stikkleidningen sitt forgreiningspunkt på hovudleidning
7. Pumping av avløpsvatn skal godkjennast særskilt av Stord vatn og avlaup KF.
8. Pumpa avløpsvatn skal enda i privat fallkumme før innføring til kommunalt nett.
9. Ved separatsystem skal, som hovudregel, overvassleidningen ligga til venstre for spillvassleidningen sett mot strøymingsretninga.
10. Offentleg avløpsleidning som fører både spillvatn og overvatn (AF-leidning) vert ved nyanlegg berre tillete tilknytt spillvatn. Ved behov for tilknytning av takvatn, overvatn eller drensvatn, må det liggja føre spesielt løyve frå Stord vatn og avlaup KF.
11. Påkopling for vassleidning skal skje i kum med eigen bakkekrane samt at privat stikk skal vera merka med "evigvarande" skilt som syner gnr/bnr leidning er tilkopla.
12. Alle eigedomar tilknytte offentleg hovudleidning skal ha utvendig hovudstengeventil. Stengeventilen skal vera tilgjengeleg, vera mogleg å manøvrera og av godkjent type. Plasseringa skal vera så nær hovudleidningen som råd er, men innanfor eigedomsgrensa. Plasseringa skal vera avmerka med skilt til dømes på husveggen. Ved stikkleidningar skal utvendig stoppekran setjast nærast råd hovudleidningen.
13. For å sikra vassleidningar mot tilbakesug av forureina vatn, krev kommunen montering av tilbakeslagsventil (jf NS-EN 1717). Ventilen skal plasserast etter innvendig stoppekran og før første avstikkar. Andre sikringstiltak kan vera å nytta røyravbrytar, luftegap mellom vasspegela og tappekran eller dobbel tilbakeslagsventil
14. Vassleidning skal desinfiserast før den vert teken i bruk.
15. Ved plugging, sjå eige punkt om opphør.
16. Krav til installasjon av utstyr som utskiljar og vassmålar, sjå eige punkt.
17. Stakekum, sjå krava i normalreglementet.

Fysisk tilkoping til kommunalt nett

Fysisk tilkoping til kommunalt nett kan ikkje skje før sanitærabonnement er godkjent og tilkoplingsavgift betalt.

Stord vatn og avlaup KF skal ha melding om tilkoplingstidspunkt seinast 2 dagar før for eventuell kontroll.

Sluttdokumentasjon for utført sanitæranlegg

For utført sanitæranlegg skal det sendes 'som bygd-dokumentasjon', innmålingsdata, teikningar og anna naudsynte tekniske data til Stord vatn og avlaup KF seinast ei veke etter ferdigstilling.

Ved ferdigstilling:

1. Når tiltak er utført, og seinast ved søknad om bruksløyve, skal ansvarleg utførande sende inn kontrollerklæring som skal leggjast ved leidningskart med målsett installasjon, helst frå nærmaste kommunal kum, plassering av stikkleidningar, kummar, kranar og forgreiningsmål. Ved tilknytning til kommunalt nett skal foto av tilknytingspunkt ligga føre.
2. Ved manglande innsending av dokumentasjon på utført arbeid vil kommunen, på eigar sin rekning, kunne foreta oppgraving for å dokumentera forskriftsmessig tilkoping.

Tinglyst fråsegn

Ved tilkoping til sanitæranlegg over andre sin eigedom bør følgjande rettar vera tinglyst:

- rett til tilknytning til privat leidningsnett.
- at det er gjeve løyve til å leggja/ha liggjande og vedlikehalda vass- og avløpsleidningar og kummar på andre sin eigedom.
- at det ligg føre fråsegn om ansvar for leidningsanlegget (solidarisk ansvar for drift, vedlikehald og fornying av felles vass- og avløpsanlegg dersom ikkje anna er avtala).
- rett til omlegging av privat leidningsnett.

Det er tiltakshavar sitt ansvar å sørgja for at fråsegn er gjeven av den/dei rettmessige eigarane.

Kopi av tinglyst fråsegn skal sendast inn saman med sluttdokumentasjonen.

Inspeksjon av sanitæranlegg

Stord vatn og avlaup KF har rett til, når som helst og utan varsel, å inspisera så vel anlegg under utføring som eksisterande anlegg.

Stord vatn og avlaup KF overtek med sin inspeksjon ikkje noko ansvar overfor eigar, tiltaksvarar, utførande føretak eller tredje person.

Materiale og utstyr for sanitæranlegg

Alle materiale og alt utstyr som nyttast i sanitæranlegg skal stetta funksjonskrav i samsvar med Plan- og bygningsloven med forskrifter.

Prøving

Både vass- og avløpsinstallasjonar kan, før dei vert tekne i bruk og/eller planert over, bli stilt krav til dokumentasjon av trykk- og/eller funksjonsprøving. Stord vatn og avlaup KF kan krevja, for eigar sin kostnad, at det vert føreteke bakteriologisk prøve av vatnet i privat vassleidning.

4. Vedtak for tilknytning og bruk av kommunen sine vass- og avlaupsleidningar

Generelt

Abonntenen (eigaren av sanitæranlegg) har ansvar for drift og vedlikehald ev eige leidningsanlegg (sanitæranlegg).

Anlegget skal til ei kvar tid stetta gjeldande funksjonskrav.

Forbruk av vatn

Abonntenen forpliktar seg til å ikkje sløsa med vatn, som til dømes ikkje utbeta vasslekkasje eller la kranar stå opne.

Under mangel på vatn eller når andre tilhøve krev det, kan Stord vatn og avlaup KF redusera tilførselen av vatn til heile kommunen, delar av den eller til spesielle tiltak utan at det gjev abonntenen krav på reduksjon i gebyret for vatn.

Ved unormalt store eller støytvise vassuttak/avløpsutslepp må ein ha særskilt løyve frå Stord vatn og avlaup KF.

Brannhydrantar er tiltenkt som tappepunkt for slökkjevattn ved brann. Det er ikkje tillate å ta ut vatn for gatespyling, tapping eller liknande frå kummar og hydrantar på kommunal leidning utan løyve frå Stord vatn og avlaup KF. Ved slikt uttak av vatn kan det bli forlanga tilbakeslagsventil på uttaket samt montert vassmålar slik at forbrukt vatn kan fakturerast.

Stord vatn og avlaup KF sitt samtykke må innhentast ved mellombels behov for uttak av vatn og/eller avløpsmottak i samband med arrangement og liknande.

Utan Stord vatn og avlaup KF sitt samtykke må det ikkje hentast vatn frå ein annan eigedom eller tilførast avløp ut over det godkjente abonnement.

Sikring av vassforsyning mot forureining

Vassinstallasjonar skal utførast slik at tilbakesuging eller inntrenging av ureine væsker, stoff eller gassar ikkje kan finne stad.

Stord vatn og avlaup KF forlangar montert tilbakeslagsventilar på alle vasstilkoplingar.

Tilbakeslagsventil skal vera montert på vassleidning inne i bygget før forgreining.

Der risiko for påverknad på vasskvalitet er særleg høg kan ytterlegare tiltak krevjast.

Dersom eigedommen har eller har hatt anna vassforsyning enn den kommunale, skal dette anlegget vera fysisk skilt frå sanitæranlegg tilknytte kommunal vassforsyning.

Før vassinstallasjon vert teken i bruk skal installasjonen spylast rein og om naudsynt desinfiserast i samsvar med Stord vatn og avlaup KF sine krav. Det kan bli stilt krav til dokumentasjon på at vatnet i privat leidning er forskriftsmessig reint.

Vasstrykk

Ved mindre trykk enn 2,5 bar etter innvendig hovudstengeventil, skal trykkaukingsanlegg vurderast. Etablering av trykkaukingsanlegg skal godkjennast spesielt og kostast av abonnent/utbyggjar.

Ved trykk over 6 bar etter innvendig hovudstengeventil, skal det monterast trykkreduksjonsventil. Etablering av trykkreduksjonsanlegg skal godkjennast spesielt og kostast av abonnent/utbygger.

Vassmålar

Både kommune og den enkelte abonnent kan krevja å få installert vassmålar.

For nærare informasjon viser ein til kommunen si forskrift for vatn og avløpsgebyr.

For alle nyanlegg skal det leggjast tilrette for seinare installasjon av vassmålar. Alle næringsverksemdar skal ha installert vassmålar innan 2007.

Vassmålar skal monterast i bygg/rom som er lett å koma til i og har tilstrekkeleg frostsikring. Vassmålar i kum vert ikkje akseptert.

Eigar av vassmålar er til ei kvar tid ansvarleg for at vassmålar måler rett mengde forbruk av vatn. Stord vatn og avlaup KF kan krevja at installert vassmålar vert kontrollert for målenøyaktighet for eigar sin kostnad.

Forbruk, installasjon, skifting eller utbetring av målar skal meldast til Stord vatn og avlaup KF. Innrapportering av forbruk skal gjerast etter dei til ei kvar tid gjeldande innrapporteringsrutinane Stord vatn og avlaup KF vedtek.

Kontroll av vasskvalitet og forbruk

Stord vatn og avlaup KF skal gjennomføra systematisk overvaking og kontroll av vasskvalitet i samsvar med drikkevassforskrifta.

Stord vatn og avlaup KF har rett til, kva tid som helst, å ta ut vassprøve frå privat leidning for kontroll av vasskvalitet. Vassforbruk kan kontrollerast ved inspeksjon eller ved montering av vassmålar.

Avløpsvatnet sin kvalitet når det vert sleppt på kommunal leidning

Til kommunale spillvassleidningar skal det berre førast til spillvatn. Overvatn og drensvatn skal handteras lokalt, eventuelt førast til overvassleidning.

Stord vatn og avlaup KF kan stilla krav til avløpsvatnet sin kvalitet av omsyn til helse, miljø og tryggleik, samt omsyn til drifta av leidningsnett, pumpestasjonar, reinseanlegg og tilsvarande anlegg. Stord vatn og avlaup KF kan laga utfyllande vedtak.

I områder der det ikkje er ført fram eigen hovudleidning for spillvatn og eigen hovudleidning for overvatn, kan Stord vatn og avlaup KF gje løyve til å føre overvatn til kommunal fellesleidning (AF) for spillvatn og overvatn dersom denne har tilstrekkelig dimensjon. Overvatnet skal i slikt høve førast fram i eigen leidning. Løyvet er berre mellombels og fell vekk så snart det er lagt fram separatsystem i området.

Ved renovering skal det leggjast separate leidningar for spillvatn og overvatn fram til påkoplingspunktet for kommunal leidning.

Til avløpsleidningar må det ikkje føres væske eller stoff som kan vera miljø- og/eller helseskadelege, eller som kan medføra brann eller eksplosjonsfare.

Det skal heller ikkje tilførast væske eller stoff som kan stivna, gje avleiring eller som på annan måte kan vera skadeleg eller gje driftsproblem.

Det same gjelde væsker med høgare temperatur enn 50 °C, sure og alkaliske bad samt spillvatn med pH-verdi under 6,0 eller over 9,0 regnet som momentanverdiar. Industribedrifter skal føra tilsyn og kontroll med sin aktivitet slik at skadeleg utslepp til kommunalt leidningsnett ikkje førekjem.

Stord vatn og avlaup KF kan påleggja eigarar å undersøkje spillvatnet sin fysiske og kjemiske eigenskap ved godkjent laboratorium, og kan i den utstrekning det er påkravd av omsyn til kontrollen, påleggja eigar av anlegga å installera inspeksjonskummer på sine stikkleidningar.

Ved uhell eller ukontrollert påselpp på kommunen sin avløpsleidning, der slikt påselpp ikkje er i tråd med gjeldande regelverk, skal Stord vatn og avlaup KF varslast omgåande.

Stord vatn og avlaup KF kan krevja løyve for innføring av spesielt forureina avløpsvatn.

Innretning for oppmaling av avfallsprodukt, til dømes avfallskvern eller liknande, er ikkje tillete å kopla til avløpssystemet (vedtak i kommunestyret 17.12.98, sak 86/98). Slik innretning for oppmaling av avfallsprodukt kan Stord vatn og avlaup KF påleggja abonnenten å fjerna.

Utskiljar og reinseanlegg

Bygging, drift og vedlikehald av utskiljarar for olje, fett og slam, reinseanlegg og tilsvarande som skal installerast i tilknytning til sanitæranlegg, skal godkjennast særskilt av Stord vatn og avlaup KF. Vidare må anlegg for destruksjon, handsaming eller nøytralisering av gassar, væsker eller stoff vera godkjent på førehand.

Utslepp av avløpsvatn som inneheld olje må ikkje setjast i verk utan at det er innhenta løyve etter 'Forskrift om begrensning av forurensning' (Forurensningsforskriften) fastsett av Miljøverndepartementet 1. juli 2004.

Med 'avløpsvatn som inneheld olje' meinast spillvatn (avløpsvatn) og overvatn som inneheld motorolje, smørjefeitt, parafin, white-spirit, bensin og liknande.

Typiske stader kor utslepp med olje kan finna stad er bensinstasjonar, motorverkstadar, bussterminalar, verkstadar og klargjeringsssentralar for kjørety, anleggmaskinar og understellsbehandling.

Verksemder som har installert oljeutskiljar eller tilsvarande reinseutstyr, skal berre nytta vaske- og avfettingsmiddel som gjev hurtigseparerande oljeemulsjon.

Ved utslepp av feittaldig avløpsvatn frå matproduksjon/matsservering i næringsverksemd, skal feittavskiljar monterast. Typiske verksemder er ferskvarediskar, gatekjøken, restaurant/kafé og storkjøken.

Ved installasjon av olje- og/eller feittavskiljar skal det ligga føre avtale som omtalar installasjon, vedlikehald, tømning, rapportering og tilsyn. Det skal søkjast om installasjon til Stord vatn og avlaup KF etter dei krav som er sett i Kapittel 15 i Forskrift om begrensning av forurensning ("Forurensningsforskriften").

Dersom private reinseanlegg ikkje vert drivne tilfredsstillande kan Stord vatn og avlaup KF krevja å overta drifta for abonnenten si rekning.

Eigar pliktar å fjerna privat reinseanlegg/slamavskiljar og føre avløpet direkte til kommunalt anlegg når Stord vatn og avlaup KF krev det. Kostnaden skal dekkast av abonnenten.

Der det er installert feitt- eller oljeutskiljar skal Stord vatn og avlaup KF ha dokumentasjon på tømmefrekvens og mengde.

Sikring mot inntrenging m.m.

Som floslukkar godkjenner ein tettsluttande stengeinnretning som skal handterast for hand, eventuelt i samband med tilbakeslagsventil. Vasstand i kummar, tankar og vasslås i utstyr må ikkje liggja lågare enn kote 2,0 for gravitasjonsanlegg.

Det skal vera tilbakeslagsventil på avløp dersom det vert innreia i kjellar.

Utbetring av feil og manglar

Stord vatn og avlaup KF kan gje pålegg om utbetring av anlegg som er i strid med sanitærreglementet. Dette inkluderer eldre sanitæranlegg som ikkje er tett eller ikkje har tilstrekkelig kapasitet.

Dersom det viser seg at ein større strekning ikkje tilfredstiller gjeldande krav, kan Stord vatn og avlaup KF etter ein fagleg vurdering, gi pålegg om at heile anlegget skal skiftes ut.

Dersom slikt pålegg ikkje vert etterkome kan Stord vatn og avlaup KF få arbeidet gjort for abonnenten sin rekning. Abonnenten skal varsle skriftleg før tiltak vert utført.

Tiltak som ikkje kan utsetjast, kan gjennomførast utan føregåande varsling. Dette for å hindra eventuell skade på eigedom eller tredjepart.

Gjeld pålegget utbetring av privat vassleidning, kan Stord vatn og avlaup KF stipulera uttaket (vassforbruk i lekkasje) og leggja det til grunn for gebyrbereking (jf. Forskrift for vann og avløpsgebyr)

Stord vatn og avlaup KF kan stengja vassforsyninga til eigdommen inntil feilen er retta. Vasstank vil bli utplassert.

Ved utbetring av kommunale vass- og avløpsleidningar kan Stord vatn og avlaup KF krevje at eigarar tilknytte private leidningar foretar tilsvarende utbetring.

Private leidningsanlegg i kommunal veg

Når ei gate eller ein veg skal opparbeidast, utbetrast eller fornyast med fast dekke kan Stord vatn og avlaup KF krevja at privat sanitæranlegg blir kontrollert og tilstandsvurdert samstundes, og eventuelt blir vølt eller skifta ut.

Stord vatn og avlaup KF avgjer om det skal utførast vøling eller utskifting. Etter utbetningsprosjekt kan kommunen fastsetja ein tidsperiode der det ikkje vert høve for graving i vegkroppen for blant anna vøling av eller utskifting av private leidningsanlegg.

Der kor Stord vatn og avlaup KF finn det føremålstenleg av omsyn til framdrift i anleggsarbeidet eller andre tilhøve, kan føretaket utføra arbeidet sjølv. Kostnaden med vøling eller utskifting av sanitæranlegg skal kostast av abonnenten.

Alt arbeid i offentleg veg skal vera godkjent av vegmynde (jf. Reglar for graving i offentleg veg- og gatebotn). Dispensasjon for å leggja grunne leidningar i offentleg veg skal avklarast særskilt med Stord vatn og avlaup KF.

Tilknytning ved omlegging av kommunal leidning

Når kommunal leidning blir lagt om skal eksisterande private leidningar tilkoplast den nye leidningen.

Råka eigarar skal skriftleg gjerast kjend med endringane av tilknytingspunkt.

Dei nye stikkleidningane/fellesleidningane blir abonnenten sin eigedom som då også er ansvarleg for drift og vedlikehald. Eigedomsgrensa mellom privat og kommunal leidning er til og med tilkoplingspunktet til kommunal leidning. Anboringsklammer for vatn er private eige.

Fjerning av tilknytning

Ved riving av bygning eller andre tilhøve som medfører fjerning/flytting av tilknytning til kommunal leidning skal stikkledning for vatn og avløp pluggast ved tilknytningpunkt på hovudleidningen.

Leidningar som er tilknytte privat fellesleidningar skal pluggast ved tilknytingspunktet til desse.

Stord vatn og avlaup KF kan føreta oppgraving og plugging for eigar si kostnad dersom pålegg om plugging ikkje blir etterkome. Abonnten skal varslast skriftleg før tiltaket vert utført.

Dersom Stord vatn og avlaup KF i heilt spesielle tilfeller tillet at plugging vert utsett til eit seinare tidspunkt, kan kommunen krevje garanti for oppfylling av abonnten sine plikter.

Stenging av kommunal eller privat leidning

Stenging av kommunal leidning for å utføra arbeid på privat leidningsnett kan berre setjast i verk av Stord vatn og avlaup KF og til dei tider føretaket bestemmer. Kostnadane belastas føretaket som tingar denne tenesta.

Ønskjer eit føretak, på vegne av ein abonnent, å få utført slik stenging til andre tider, må føretak/abonnten betale dei ekstra utgifter dette medfører.

Utførande føretak som tingar stenging er pliktig til å varsle alle råka abonnentar. Stord vatn og avlaup KF informerer om tilknytte abonnentar så langt kommunen har kjennskap til dette.

Brot på varslingsplikt kan utløyse sanksjonar etter reglar i sanitærreglementet.

Når ein brann eller anna akutt arbeid på leidningsnettet gjer det naudsynt kan Stord vatn og avlaup KF stengja både kommunal og privat vassleidning utan føregåande varsel.

Abonnten som er særleg avhengig av stabil vassforsyning eller avløpsutslepp må sjølv gjennomføra tiltak som sikrar vedkommande sitt vass- og avløpsbehov i ein ustabil situasjon. Tiltaket skal vera godkjent av Stord vatn og avlaup KF.

Ansvarstilhøve

Generelt

Stord vatn og avlaup KF har ansvar for bygging, forvaltning, drift og vedlikehald, samt naudsynt fornying av kommunale leidningar for vatn og avløp.

Abonnten har tilsvarande ansvar for private leidningsanlegg og installasjonar.

Dersom fleire eigedommar har felles tilknytning til kommunen sitt leidningsnett, er kvar eigar solidarisk ansvarleg for heile den fellesleidningen som eigedommen er tilknytte, med mindre annan ansvarsfordeling er avtala.

På same måte er kvar eigar solidarisk ansvarlig for drift, vedlikehald og fornying av installasjonar som er felles for fleire eigedommar.

Stord vatn og avlaup KF sitt erstatningsansvar

Stord vatn og avlaup KF har i utgangspunktet erstatningsansvar etter alminnelige erstatningsrettslege regler.

Stord vatn og avlaup KF er likevel ikkje erstatningsansvarlig for:

- a) Skadar som følgje av stenging av vassstilførsel der varslingsplikta er etterlevd.
- b) Skadar som følgje av stenging av vassstilførselen ved leidningsbrot/lekkasje eller andre uventa hendingar.

- c) Skadar som følgje av uventa svingingar i vasstrykket ved til dømes svikt i pumper, reduksjonsventilar og tilsvarande.
- d) Skade som følgje av avvik i vasskvalitet som til dømes misfarga vann, når avviket skuldast varsla arbeid på kommunen sine vassleidningar.
- e) At private røyr/sanitærinstallasjonar under arbeidet på kommunen sine leidningar vert forureina eller tilstoppa av rust, slam eller andre stoff.
- f) Frostskader på stikkleidningar som følgje av driftsstans på kommunale leidningar.
- g) Tilbakeslag frå kommunen sine avløpsleidningar og/eller ved inntrenging av flo for busetnad som ligg under kote 2,0.
- h) Skader i kjeller/lagerlokal eller bustadareal etter overfløyming som skuldast leidningsbrot, tilbakeslag frå avløpsleidning eller kapasitetsproblem når skadetilfella omfattar:
 - innreiing til rom for varig opphald (bustadformål) som manglar naudsynt godkjenning av bygningsmynde.
 - gjenstandar som på grunn av sin verdi eller andre tilhøve er uvanlig eller aktlaust å oppevara på slike stad.
 - varer som er lagra under lagringshøgde 100 mm over golvet.
- i) Skadar på eigedom som følgje av ekstraordinær nedbør, flo i fjord, høy vasstand i elv eller bekk og liknande. Det gjeld uansett om vatnet trengjer inn gjennom avløpsleidningar, golv/vegger eller på annen måte.
- j) Skade som skuldast tilbakeslag frå avløpsleidning når kjellargolvet og/eller vasstand i lågast montert vasslås ligg mindre enn 900 mm høgare enn innvendig topp hovudleidning i privat stikkleidningen sitt tilknytingspunkt på hovudleidning.

Den same ansvarsavgrensing gjelder for tilbakeslag frå kommunalt avløpsanlegg dersom det private avløpsanlegget ikkje er i samsvar med gjeldande sanitærreglement.

Abonnten sitt erstatningsansvar

Abonnten har erstatningsansvar etter alminnelige erstatningspliktige regler, og kan såleis bli ansvarlig for skader forårsaka av eige sanitæranlegg.

Abonntar er erstatningsansvarlig for skade på kommunal/privat leidningsnett/installasjon som følgje av brot på gjeldande sanitærreglement. Det same gjelder meirkostnader som vert påført Stord vatn og avlaup KF eller tredjepart ved brot på gjeldande sanitærreglement.